

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sigvald Kvinge	FA - M88	16/86

Saknr	Utval	Type	Dato
055/2017	Formannskapet	PS	13.06.2017
	Kommunestyret	PS	

### Godkjenning av lokal forskrift om feiing og tilsyn med fyringsanlegg i Masfjorden kommune

#### Vedlegg:

##### Journalposttittel

Vedlegg - Lokal forskrift om feiing og tilsyn i Masfjorden kommune

##### Dato

11.05.2017

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til lokal forskrift om feiing og tilsyn med fyringsanlegg i Masfjorden kommune vert vedteken slik den ligg føre i samsvar med lov av 14. juni 2002 nr 20, §11 og 28 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farleg stoff og om brannvesenets redningsoppgåver (brann og eksplosjonsvernloven ), samt forskrift 17. desember 2015 om brannførebygging § 6, 7 og 17.

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn og fakta:

Formannskapet i Masfjorden har den 22. mars 2017 i sak 029/2017 gjort slikt vedtak:

#### Framlegg til lokal forskrift for feiing og tilsyn med fyringsanlegg i Masfjorden kommune, vert lagt ut på høyring i samsvar med forvaltningslova § 37.

Feiing og tilsyn har i alle år vore behovsprøvd ut frå fyringsvanar registrert av feiaren. Frekvensen på feiing og tilsyn har vore vurdert fortløpande.

Bakgrunnen for at ein no ynskjer å laga ei lokal forskrift for denne tenesta er at det er komen ei sentral forskrift (Forskrift om brannførebygging) som pålegg kommunane å gjennomføre feiing og tilsyn med fritidsbustader i tillegg til heilårsbustader.

For lettare å kunne ivareta føringar i ny forskrift, har vår interkommunale feieteneste for Solund, Gulen, Modalen og Masfjorden valt å laga ei eiga lokal forskrift.

Det vart sett ei frist for høyringsinnspel til den 15. mai 2017. Det kom ingen innspel på høyringa.

Finansieringa av feie og tilsynstjenesta skjer etter sjølvkostprinsippet , dette inneber at inntektene frå brukarbetalinga ikkje skal overstige kostnadane forbundet ved tjenesta. Alle kostnader, både direkte og indirekte,

inngår i kalkulasjonen av gebyret.

### **Vurdering**

Fordelen med ei lokal forskrift er at ein har lokalt tilpassa køyrereglar som kan vera nyttigt og allment kjent både for dei som skal utføra tenesta og ikkje minst for dei som skal betala for denne.

Med utgangspunkt i at det ikkje kom innspel i saka vert denne lagt fram som den ligg føre.

### **Konklusjon**

**Framlegg til lokal forskrift om feiing og tilsyn med fyringsanlegg i Masfjorden kommune vert vedteken slik den ligg føre i samsvar med lov av 14. juni 2002 nr 20, § 11 og 28 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farleg stoff og om brannvesenets redningsoppgåver (brann og eksplosjonsvernloven ), og forskrift 17. desember 2015 om brannførebygging. § 6, 7 og 17.**

### **Formannskapet - 055/2017**

#### **FS - behandling:**

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

#### **FS - vedtak:**

**Framlegg til lokal forskrift om feiing og tilsyn med fyringsanlegg i Masfjorden kommune vert vedteken slik den ligg føre i samsvar med lov av 14. juni 2002 nr 20, §11 og 28 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farleg stoff og om brannvesenets redningsoppgåver (brann og eksplosjonsvernloven ), samt forskrift 17. desember 2015 om brannførebygging § 6, 7 og 17.**